

10.trinn – veke 45 og 46

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **10A**: Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **10B**: Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærer **10C**: Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Du skal kunne kjenne igjen verkemiddel i ulike tekstar og medium. Du skal kunne forklare, kjenne att og bruke dei retoriske appellformane.
Engelsk	Du skal kunne bruke ord og uttrykk knytt til berekraft. Du skal kunne hente ut informasjon frå tekstar du les/lyttar til og bruke informasjonen i oppgåver. Du skal kunne presentere og samtale om eit sjølvvald tema innanfor berekraft.
Matematikk	Du skal kunne bruke Geogebra som verktøy i funksjonslære. Du skal kjenne til eigenskapane og bruksområda til lineære, proporsjonale, omvendt proporsjonale, kvadratiske og eksponentielle grafar og funksjonar.
KRLE	Du skal kunne utforske og presentere sentrale idear ved ei nyreligiøs retning.
Samfunnsfag	Du skal kunne forklare og reflektere over årsakene til terrorangrepet 22. juli, inkludert korleis Breivik sin bakgrunn og barndom kan ha påverka handlingane hans. Du skal kunne forklare kva som ligg i omgrepa straff, tilreknelegheit og forvaring, samt drøfte media si rolle i saka.
Naturfag	Du skal kunne diskutere og reflektere spørsmål kring vaksiner. Du skal kunne forklare korleis ein vaksine fungerer og korleis den påverkar folkehelsa. Du skal vite kva som skjer når immunforsvaret tek feil.
Tysk	Du skal kunne finne informasjon om ein sjølvvald tysk person. Du skal saman med ein annan elev førebu, skrive og gjennomføre ein samtale om to kjende personar.
Engelsk fdj.	Du skal kunne lese, lytte til, utforske og presentere fakta om kultur, geografi og samfunnsliv i utvalde engelsktalande land.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne planleggje, handle inn til og lage ein sunn og god frukost for dei andre på trinnet, i samarbeid med gruppa di. Du skal kunne bruke tilbakemeldingane frå pitchen til å vidareutvikle elevbedrifta di, og vise korleis ideen kan bli betre og meir gjennomførbar.
Kroppsøving	Du skal kunne planleggje og gjennomføre eit eige ballspel, åleine og saman med andre, samt vurdere og justere reglar og spel undervegs for å gjere aktiviteten betre. Du skal kunne bruke eigne ferdigheiter og samarbeidsevne til å gjere andre gode, slik at alle får oppleve meistring og speglede.
Musikk	Du skal kunne spele saman med andre i eit band.
K & H	Du skal kunne arbeide effektivt og godt med fordjupingsoppgåva di.
Olweus	Du skal lage ein antimobbekampanje retta mot elevar på mellomtrinnet, og vise forståing for korleis ein kan førebyggje og hindre mobbing gjennom haldningar og handlingar.

Diverse:	Fagsamtalar i engelsk I november skal me ha munnlege vurderingar i engelsk. Det blir laga eit oppsett med dagar og tidspunkt, og vurderingane blir gjennomførte etter avtale med læraren. Dele = Delta Politiet kjem til skulen vår for å gjennomføre opplegget Dele =Delta saman med elevane. Dette er eit undervisningsopplegg laga av Kripos og politiet, og det handlar om filming og deling av valdsvideoar på sosiale medium. Elevundersøkinga Denne skal gjennomførast av elevane ved Frøyland ungdomsskule innan veke 46. Dette er ei årleg undersøking der elevane får seie si meining om forhold som er viktige for læring og trivsel på skulen. De finn meir informasjon på heimesida til skulen. <u>Veke 45</u> Torsdag 6.november: Vurdering i engelsk fordjuping. Fredag 7.november: Felles frukost i kantina for heile trinnet i 1.time. Alle får frukost, så de treng ikkje ta med noko. Arbeidslivsfag møter kl 08.00 denne dagen for å klargjere, resten møter i klasserommet til vanleg tid. <u>Veke 46</u> Måndag 10.november: ○ Vurdering i naturfag ○ Foreldremøte om vidaregåande skule kl. 18.00 i aulaen. Onsdag 12.november: “Dele = Delta” med politiet kl. 08.30 – 09.30 i aulaen. Torsdag 13.november: ○ Innlevering i tysk - munnleg oppgåve: Bekannte Personen ○ Idrettsfagdag på Jåttå vgs for nokre elevar. Fredag 14.november: FRI 😊 <u>Veke 47</u> Vurdering i musikk, innlevering i krle.
-----------------	---

Heimearbeid veke 45	
Måndag 3	
Tysdag 4	Matematikk: Sjå Geogebra-videoane 1 og 2 i OneNote - innhaldsbibliotek før timen. Engelsk fordjuping: Jobb med presentasjonen din. Naturfag: Les side 104-107 og svar på spørsmåla side 107, eventuelt sjå heimearbeid veke 45 på OneNote (naturfag).
Onsdag 5	Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v.45 på OneNote. Norsk: Les 20 minutt i boka di. Finn 1-2 språklege verkemiddel og forklar korleis og kva funksjon dei har i teksten. Lever på OneNote
Torsdag 6	Engelsk: OneNote heimearbeid v.45. Matematikk: OneNote heimearbeid v.45.

Fredag 7	Tysk: Skriv vidare om personen du har valt. Finn relevant og god informasjon. Engelsk fordjuping: Du må vere klar til presentasjon i dag. Munnleg vurdering.
	Naturfag: Førebu deg til munnleg vurdering på måndag i v. 46. Målark finn du på OneNote - Immunforsvaret
Heimearbeid veke 46	
Måndag 10	Naturfag: Vurdering. De finn målarket på OneNote – Immunforsvaret.
Tysdag 11	Matematikk: OneNote heimearbeid v.46. KRLE: Arbeid med presentasjonen din av ei nyreligiøs retning.
Onsdag 12	Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v. 46 på OneNote. Norsk: Les 20 minutt i boka di. Finn 1-2 språklege verkemiddel og forklar korleis og kva funksjon dei har i teksten. Lever på OneNote.
Torsdag 13	Engelsk: Finn ei nyheitssak om miljø/berekraft. Sett deg inn i saka og skriv eit samandrag om kva saka handlar om (på engelsk). Ta med kjelde. Lever på OneNote heimearbeid v. 46. Matematikk: OneNote heimearbeid v.46. Tysk: Øv godt på å gjennomføre samtalen og spel inn/lag film. Skal leverast i dag!
Fredag 14	FRI 😊